

# ÅRSMELDING FRÅ FOGN GRENDALAG 2013.

Grendalagsstyret pluss arbeidsgrupper fekk etter konstituering 6.mai følgjande struktur:

## **Styret:**

Leiar, Jostein Østhus, blei vald på årsmøtet.

I tillegg er desse med: Bjarne Bøe, Malvin Sandanger, Terje Kjølvik, Inger Marie Egeland, Mari-Anne Runestad, Merete Kindingstad.

Varam.: Kathrine Flesjø og Kristoffer Østhus.

## **Kulturgruppa:**

Malvin er leiar i kulturgruppa. I tillegg til Malvin er også Merete frå styret med i denne gruppa.

Elles er Kirsti Esperås, Håvard Østhus, Kristine Bøe og Mallin Sandanger med i kulturgruppa.

Styret har hatt 8 styremøter pluss nokre arbeidsmøter i tillegg.

Grendalaget arrangerte også folkemøtet der kommunerepresentantar orienterte om ny kommuneplan, samfunnsdel.

Grendalaget presenterte her eit innspel til kommuneplanen. Ei skriftleg utgåve av dette blei gjeve til kommunerepresentantane. Salen elles fekk koma med innspel.

Frist for fleire innspel blei sett til 17.august. Innan den tid sende Grendalaget eit brev med overskrifta «VERNA FOGN OPPVEKSTSENTER».

Areal- og transportplan for Ryfylke (2011-2013) har også dette året hatt vårt fokus. I denne saka har Grendalaget sendt to brev, eit angående plassering av ferjekai, og sist eit i september etter at samferdselssjefen la fram si innstilling angående framdrifta av transportplanen.

Elles har vi venta på nye utspel i samband med ny transportplan.

Grendalaget har elles vore oppteken av korleis skaffa inntekter til Grendalaget gjennom annonsering via «heimesida». Arbeidsgruppa, Kristoffer, Mari-Anne og Fogn.org generalen Håvard har kome i mål med ei god løysing her. Håvard orienterer.

Under overskrifta «Prosjekt Livleg Engasjement» blei styret i Grendalaga i kommunen invitert til møte i Finnøy Næringshage. Møteleiar var dansken Povl Nørgaard som tidlegare har vore engasjert under paraplyen Vital Rural prosjekt.

Han er tilsett i ei lita stilling ved Finnøy næringshage. Dette dreier seg om livsstil, næringsliv og næringsutvikling, omdømebygging.....

Korleis få til eit organisert samarbeid med grendalaga i kommunen, men også korleis engasjere eit breiare lag av folk til beste for oss sjølve og for øyane. (Vil i ein liten parantes nemne at i januar 2014 kom dansken Povl til Fogn der han møtte Grendalaget saman med næringsliv samt lag og organisasjonar. Engasjementet var stort og vi har hatt eit oppfølgingsmøte, men dette høyrer heime i neste årsmelding.)

Turstien til Skinnvika blei i hovudsak til i løpet av to laurdagar der frivillige (12-15) etter annonsering på Fogn.org møtte opp med motorsag og rå muskelkraft. Ei siste dugnadsøkt står att før enn vi får utbetalt omsøkte midlar.

Endeleg ferdigstilling av dugnadsarbeidet på kaihuset blei avslutta ved at to lokale kunstnarar sine bilete no heng på veggen.

Grendalaget innstilte ungdomane Renate Flesjø og Harald Østhus til kandidatar for ungdomsrådet i kommunen.

Grendalaget arrangerte lynlotteri til inntekt for Grendalaget i juli månad. Frukt og grønnsakskorger sponsa av eit gavmildt næringsliv var gevinstane. Dette skapte engasjement og gav inntekter.

I august var det den tradisjonelle Æråsbasaren. Inntektene her gjekk til COCHABAMBA BARN. Altså, barn i Bolivia som treng hjelp. Elise Lunde er primus motor for dette prosjektet i Finnøy. Ho sit i styret for organisasjonen.

I oktober var det Johnny Mydland konsert på Erås.

Laurdag før første søndag i advent stod Grendalaget for planting og tenning av julegrana ved butikken. Varaordføraren var invitert og kasta lys over arrangementet.

Håvard Østhus styrer nettsida Fogn.org, og har også vore med i arbeidsgruppa for annonsering på «heimesida. Takk til Håvard. Håvard orienterer.

Malvin orienterer meir om arbeidet til kulturgruppa.